

## **Innstilling til høyring om revisjon av konsesjonsvilkår for Finndøla reguleringa.**

### **Kleivgrend Grendelag**

#### **Forslag minstevassføring:**

800l i sekundet fram til fyrste oktober. 200l i sekundet fram til vårflaumen.

Forslaget om 500l i sekundet i oktober foreleslåast at det gåast vekk i frå på grunn av allereie for gunstige gyteforhold og for mykje fisk.

Det foreslåast 200l i sekundet heile året Finndøla ut i frå Votna for å styrke økologien i den delen av elva samt potensielt støtte oppgangen av stor aure i Dalåi.

At yngling av skjoldkreps og andre nøkkelartar skal takast hensyn ved tapping og fylling av magasin.

Av hensynet til storauren og siken som kjem frå Fyresvatn for å gyte, så ynskjer me total fjerning av alle tersklar frå og med Fyresvatn og opp til Bondalsvatn. Siken har grunna desse tersklane slutta heilt å gå på elva.

Fordelar med å ha gyting på elv i staden for i innsjø på sik:

- Det vert lettare å kontrollere mot overfolking av bestanden, ettersom store uttak av fisk kan gjerast med enkle midlar i ei elv.
- Vile dyr vil kunne gjere eit betydeleg innhogg i gytefisk bestanden og yngel av sik.
- Sikyngelet kan ta predatorpress vekk i frå storauren sitt yngel.
- Sikyngelet kan vere matkjelde for småfisk av storauren, slik at han kan returnere til Fyresvatn som større fisk enn per i dag.